



Nasjonalparkstyret
for Jotunheimen
og Utladalen

KONKURRANSEGRUNNLAG

Anskaffing etter forskrifta del I for anskaffing av

Skjøtsel av kulturlandskap i Utladalen landskapsvernområde

Saksnr: 2026/4320

Innhold

1	Omfang av anskaffinga	3
1.1	Skildring av anskaffinga	3
1.2	Oppdragsgjevar	4
1.3	Avtalevilkår	4
1.4	Kontraktsvilkår	4
2	Oppbygging av konkurransegrunnlaget.....	4
3	Reglar for gjennomføringen av konkurransen	5
3.1	Anskaffingsprosedyre	5
3.2	Viktige datoar	5
3.3	Krav til kommunikasjon	6
3.4	Spørsmål til konkurransegrunnlaget	6
3.5	Rettingar, suppleringar eller endringar av konkurransegrunnlaget	6
3.6	Skatteattest	6
3.7	Offentlegheit og teieplikt	7
4	Kvalifikasjonskrav	7
5	Tildelingskriterium.....	8
6	Krav til tilbodet.....	9
6.1	Innlevering av tilbod.....	9
6.2	Innhold og struktur	9
6.3	Vedståingsfrist	10
6.4	Avvising av tilbod	10
7	Vedlegg.....	10

1 Omfang av anskaffinga

1.1 Skildring av anskaffinga

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen inviterer interesserte leverandører til å delta i konkurranse om skjøtsel av kulturlandskap i Utladalen landskapsvernområde.

Arbeidet som skal utførast er nærare skildra i vedlegg D. Tiltaka er følgjande:

- Slått av slåttemark og lauveng
- Rydding av busker og kratt i enkelte lokalitetar og i kantsoner.
- Styrt beiting i delområde

Delområda/lokalitetane som er med i denne utlysinga er prioriterte område i skjøtelsesplanen; i Vetti, Avdalen, Skori, Vormeli og i Hjelledalen. Områda i Avdalen, Hjelledalen og Vormeli er utan vegtilkomst. Naudsynt utstyr kan fraktast på Vettisvegen til Vetti, Lauvhaugen-Flaten og Skori. Det må reknast med gangtid til lokalitetane knytt til Avdalen, Hjelledalen og Vormeli. Det kan ikkje køyrast køyretøy på stiane. Arbeidet må gjennomførast manuelt ved bruk av ljå, slåmaskin, ev. kantklippar, ryddesag med ulikt skjæreutstyr som kan tilpassast behovet, høyvendar og rive.

Leverandør må halda beitedyr, utstyr og reiskap sjølv til gjennomføring av arbeidet, og har ansvar for eigen transport, kost og losji. Leverandør må bruka naudsynt verneutstyr for gjennomføring av arbeidet;

- vernebriller og/eller øyreklokker med visir
- øyreklokker
- hanskar
- vernebukse for ryddesag
- vernestøvlar for motorsag

Arbeidet må utførast i perioden frå mai – september 2026.

Det skal skrivast sluttrapport etter at arbeidet er utført, der det kjem fram kva tid og kva område som er slått og rydda (markert på kart), og med bilde frå før og etter slått/rydding.

Skjøtelsesområda ligg i område som er verna i medhald av naturmangfaldlova. Arbeidet krev difor særleg omsyn til terreng, vegetasjon og verneverdiar, og motorferdsel på Vettisvegen må avgrensast til naudsynt transport knytt til skjøtelsesarbeidet. Rein persontransport er ikkje tillate. Alt arbeid skal avklarast med nasjonalparkforvaltar. Skadelege kjemikaliar og andre stoff skal forvaltast på ein forsvarleg måte.

For ei nærare skildring av leveransen sjå vedlegg D.

Det blir teke atterhald om at dersom privat grunneigar melder tilbake om at hen ønskjer å gjennomføra skjøtsel på eigen grunn, kan delområde blir trekt ut av oppdraget. Det blir ev. lagt ut justering av oppdraget på [heimesida til nasjonalparkstyret](#) innan 29. apil.

1.2 Oppdragsgjevar

Statsforvalteren i Innlandet v/Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen er oppdragsgjevar for anskaffinga. Nasjonalparkstyret er forvaltningsmyndighet for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde.

Nasjonalparkstyret er representert med politikarar frå kommunane Årdal, Luster, Vang, Lom og Vågå og frå fylkeskommunane i Vestland og Innlandet.

Nasjonalparkstyret skal forvalte verneområda i samsvar med verneforskriftene for verneområda, naturmangfaldlova og internasjonale plikter. Styret har ansvar for ei heilskapleg og kunnskapsbasert forvaltning av verneområda, der hovudoppgåvene er ivaretaking av verneverdiane og verneføremålet. Skjøtsel av kulturlandskapet i Utladalen er ei viktig oppgåve i denne samanheng, og det er viktig at allereie iverksett skjøtsel held fram.

Det er tilsett to nasjonalparkforvaltarar som sekretariat for styret. Desse har kontor plass ved forvaltingsknutepunkta på Norsk Fjellsenter i Lom og på Rådhuset i Gaupne, Luster.

Anskaffinga blir gjennomført av oppdragsgjevar. Avtalen vil bli inngått av oppdragsgjevar.

Kontaktpersonar for oppdraget:

Nasjonalparkforvaltar Eldrid Nedrelo – prosjektleiar.

eldrid.nedrelo@statsforvalteren.no – Mobil 90724490

Praktisk gjennomføring skjer i samarbeid med SNO-Jotunheimen.

1.3 Avtalevilkår

For dette oppdraget gjeld avtalevilkåra i vedlegg E.

1.4 Kontraktsvilkår

Det er ikkje høve til å gje tilbud på delar av oppdraget. Oppdraget er avgrensa til skjøtsel innanfor Utladalen landskapsvernområde, og til lokalitetar som har prioritet i skjøtelsesplanen. Det skal arbeidast innan eit avtala tidsrom og innanfor avtala budsjettamme.

2 Oppbygging av konkurransegrunnlaget

Konkurransegrunnlaget består av følgjande dokument:

- Konkurransegrunnlag (dette dokumentet)
- Vedlegg A: Tilbodsbrev, mal
- Vedlegg B: Forpliktingserklæring, mal
- Vedlegg C: Atterhald og avvik, mal

- Vedlegg D: Skildring av leveransen
- Vedlegg E: Avtalevilkår med prisskjema

3 Reglar for gjennomføringen av konkurransen

3.1 Anskaffingsprosedyre

Anskaffinga blir gjennomført i samsvar med lov om offentlige anskaffelser av 17. juni 2016 nr. 73 (LOA) og forskrift om offentlige anskaffelser av 12. august 2016 nr. 974 (FOA) del I. Denne anskaffinga sin anslåtte verdi er kr. 600 000 eks. mva., og er fritaken frå kunngjeringsplikt.

Vi vil legge til rette for anbudssynfaring dersom aktuelle leverandørar melder skriftleg interesse for det innan 22.04.2026.

Oppdragsgjevar planlegg elles å tildele kontrakt utan å ha kontakt med leverandørane utover å svare på spørsmål og gjera eventuelle mindre avklaringar/korrigeringar av tilboda dersom noko synest uklart.

Forhandling blir ikkje gjennomført dersom oppdragsgjevar, etter at tilbod er motteke, vurderer at forhandling ikkje er hensiktsmessig. Dialog i form av rettingar/avklaringar blir gjennomført ved behov.

Leverandøren blir oppmoda om å følge gjevne føresetnader i dette konkurransegrunnlaget med vedlegg, og eventuelt stille spørsmål til oppdragsgjevar om det skulle vera uklare forhold.

3.2 Viktige datoar

Oppdragsgjevar har lagt opp til følgjande tidsrammer for prosessen:

Aktivitet	Tidspunkt
Utlysing av konkurranse med kunngjering i avisannonser og utlegging av anbudsdokument på eiga nettside www.nasjonlaparkstyre.no/jotunheimen	Veke 16
Frist for å melde interesse for anbudssynfaring.	22.04.2026
Tilbudssynfaring, føresett at det er meldt om skriftleg interesse for det	Veke 18
Referat frå ev. tilbudssynfaring	06.05.2026
Frist for å stille spørsmål til konkurransegrunnlaget	06.05.2026 kl. 12:00

Frist for å levere tilbud	13.05.2025 kl. 12:00
Tilbudsåpning	13.05.2025 kl. 14:00
Evaluering	Uke 20-21
Val av leverandør og meddeleling til leverandørar	22.05.2026
Frist for å klage	01.06.2026
Kontraktsinngåing	Veke 23
Vedståingsfrist for tilbudet	30. september 2026, kl. 24:00

Det blir gjort merksam på at tidspunkta etter fristen for å levere tilbud er foreløpige og vil kunne endrast. Eventuell forlenging av vedståingsfristen kan berre skje dersom leverandøren godkjenner dette.

3.3 Krav til kommunikasjon

All kommunikasjon og informasjonsutveksling mellom oppdragsgjevar og leverandørane skal skje skriftleg. Henvendingar som skjer på annan måte kan ikke påreknast å få svar.

3.4 Spørsmål til konkurransegrunnlaget

Alle spørsmål og henvendingar om konkurransegrunnlaget skal sendast skriftleg til oppdragsgjevar sin kontaktperson innan den fristen som er gitt i pkt. 3.2. Spørsmål som blir mottekne etter denne fristen vil bli behandla etter beste evne, men kan ikkje påreknast å bli svara på. Spørsmål og svar vil bli formidla i anonymisert form til alle leverandørar via e-post.

Leverandørane blir oppmoda til å sette seg grundig inn i konkurransedokumenta. **Dersom det blir oppdaga feil, manglar, utelatingar eller om noko er uklart i konkurransegrunnlaget med vedlegg ber ein om at dette blir formidla til oppdragsgjevar sin kontaktperson.**

3.5 Rettingar, suppleringar eller endringar av konkurransegrunnlaget

Oppdragsgjevar kan gjere rettingar, suppleringar og endringar av konkurransegrunnlaget som ikkje er vesentlege før utløpet av tilbudsfristen. Slike rettingar, suppleringar og endringar vil bli formidla til alle leverandørar på e-post.

3.6 Skatteattest

Vald leverandør skal på førespurnad levere skatteattest for meirverdiavgift og skatteattest for skatt. Dette gjeld berre dersom den valde leverandøren er norsk. Skatteattesten skal ikkje vere eldre enn 6 månader rekna frå fristen for å levere tilbud.

3.7 Offentlegheit og teieplikt

For innsyn frå allmenta i dokumenta knytt til anskaffinga gjeld lov om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd av 19. mai 2006 (offentleglova). Det kan gjerast unntak frå innsyn for tilbod og protokoll til valet av leverandør er gjort, jf. § 23 (3).

Ved gjennomførina av anskaffinga gjeld reglane om teieplikt i lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker av 2. oktober 1967 (forvaltingslova). Oppdragsgjevar og denne sine tilsette pliktar å hindre at andre får adgang eller kjennskap til opplysningar om tekniske innretningar og framgangsmåtar eller drifts- og forretningsforhold som det vil vere av konkurransemessig betydning å halde hemmeleg, jf. § 13 (1) nr. 2.

4 Kvalifikasjonskrav

I denne konkurransen blir det stilt følgjande krav til leverandøren sine kvalifikasjonar:

Kvalifikasjonskrav	Dokumentasjon
Leverandøren skal vere registrert i eit foretaksregister, fagleg register eller eit handelsregister.	Firmaattest
Leverandøren skal ha nødvendige og faglege kvalifikasjonar, som erfaring frå tilsvarande oppdrag som dette kan samanliknast med.	Skildring av leverandøren sine inntil 3 mest relevante oppdrag i løpet av dei siste 3 åra. Leverandøren må kunne dokumentere erfaring med manuelt skjøtselsarbeid frå slått av slåttemark og lauveng, rydding av slåttemark og lauveng og beitemark i sårbar natur. Han må også dokumentere erfaring med styrt beite med sau og hest. Skildringa må oppgi verdien på oppdraget, tidspunkt for leveranse og kunde/mottakar/referansekontakt (namn, telefon og e-post). Det er leverandøren sitt ansvar å dokumentere relevans gjennom skildringa. Leverandøren kan dokumentere erfaringa ved å vise til kompetanse til personell han rår over og kan nytte til dette oppdraget, sjølv om erfaringa er opparbeidd i teneste for ein annan leverandør.
Leverandøren skal disponere tilstrekkeleg kapasitet, utstyr og kompetanse til å utføre oppdraget i tråd med utlysinga.	Leverandøren må skildre kva ressursar som skal utføre arbeidet, kva kompetanse desse har. Skildring av utstyr og organisering med omsyn til å levere i forhold til arten av oppdraget.

Leverandøren må ha naudsynt kompetanse og løyve til bruk av motorsag, ryddesag og slåmaskin.	<p>Dette inneber dokumentasjon på erfaring med slått av slåttemark og lauveng, rydding av slåttemark og lauveng og beitemark i sårbar natur, samt styrt beite med sau og hest.</p> <p>Evt. kursdeltaking/-bevis på slikt arbeid og løyve til bruk av slikt utstyr kan leggast ved.</p>
--	--

5 Tildelingskriterium

Oppdragsgjevar vil velje tilbod på grunnlag av det beste forholdet mellom pris og kvalitet, basert på følgjande kriterium:

Tildelingskriterium	Vekt	Dokumentasjon
Pris	40 %	Ferdig utfylt prisskjema, sjå vedlegg E. Tilbod skal leverast med timepris, inklusiv alle kostnader. Det kan ikkje gjevast tilbod på deloppdrag.
Løysingsforslag	40 %	<p>Leverandør skal skildra korleis oppdraget er tenkt løyst.</p> <p>Kort skildring av utstyr og arbeidsmetodar som blir lagt til grunnfor å løyse oppdraget, jf. oppdragsskildringa. Denne bør også seie noko om moglege utfordringar knytt til gjennomføringa. Det må leggast fram liste over tilgjengeleg utstyr som tilbydar stiller med.</p>
Erfaring	20 %	<p>Erfaring med skjøtselsarbeid i dette og tilsvarende område. Referansane vert vurdert.</p> <p>CV for sentrale medarbeidarar i skjøtselsarbeidet, minimum for arbeidsleiaren. CV skal innehalde opplysningar om utdanning og/eller kompetanse/erfaring frå tidlegare relevante oppdrag.</p>

Vi ser ikkje grunn til å stille eigne krav om klima- og miljøkrav, då slike omsyn blir vektlagt m.a. gjennom krava til kvalitet og løysingsforslag innanfor verna område.

6 Krav til tilbodet

6.1 Innlevering av tilbod

Tilbud skal leverast pr. e-post til sfinpost@statsforvalteren.no og eldrid.nedrelo@statsforvalteren.no med kopi til kari.sveen@statsforvalteren.no innan tilbodsfristen gitt i pkt. 3.2.
Tilbud skal utformast på norsk.

6.2 Innhold og struktur

Tilbodet skal leverast i tråd med avtalevilkår, innan tilbodsfristen.

Den leverandøren som vinn konkurransen må i tillegg levere skatteattest.

Tilbud skal leverast med følgjande innhald og struktur:

Dokument	Forklaring
1. Tilbudsbrev	Tilbudsbrevet må fyllast ut og signerast av ein person som har fullmakt til å pådra leverandøren forpliktingar. Leverandøren må vedstå seg sitt tilbod til det tidspunktet som er oppgitt i pkt. 3.2. Bruk mal i vedlegg A .
2. Dokumentasjon på oppfyling av kvalifikasjonskrav etterspurt i pkt. 4.	Leverandørar som ikkje oppfyller kvalifikasjonskrava vil bli avvist.
3. Forpliktingserklæring	Dersom leverandøren støttar seg på kapasiteten til andre verksemdar for å oppfylle kvalifikasjonskrava, skal han dokumentere at han rår over dei nødvendige ressursane ved å legge fram ei forpliktingserklæring frå desse verksemdene. Bruk mal i vedlegg B .
4. Atterhald og avvik	Leverandøren skal levere ei liste over avvik (herunder atterhald) basert på malen i vedlegg C . Vi gjer merksam på at tilbod som inneheld vesentlege avvik frå anskaffingsdokumenta vil bli avvist.

5. Dokumentasjon på oppfylning av tildelingskriterium etterspurt i pkt. 5 (med unntak av pris).	Leverandøren sitt svar vil danne grunnlag for tildeling av kontrakt i tråd med tildelingskriteria gitt i pkt. 5.
6. Pris og kvalitet	Vi ber om tilbud i tråd med spesifikasjonar i konkurransegrunnlaget. Leverandøren sine svar vil danne grunnlag for tildeling av kontrakt i tråd med tildelingskriteria gitt i pkt. 5.

6.3 Vedståingsfrist

Leverandøren må vedstå seg sitt tilbud til det tidspunktet som er gitt i pkt. 3.2 ovanfor.

6.4 Avvising av tilbud

Det blir gjort merksam på at tilbud som inneheld vesentlege avvik frå anskaffingsdokumenta skal avisast etter LOA § 4. Oppdragsgjevar kan avvise tilbud som inneheld avvik frå anskaffingsdokumenta, om noko er uklart eller liknande som ikkje blir vurdert å vera ubetydeleg. Oppdragsgjevar kan også avvise tilbud som ikkje oppfyller krava til utforming som oppdragsgjevar har sett.

Leverandøren blir derfor oppmoda på det sterkaste til å følge rettleiinga som blir gitt i dette konkurransegrunnlaget med vedlegg, og eventuelt stille spørsmål om noko er uklart.

7 Vedlegg

- Vedlegg A: Tilbudsbrev, mal
- Vedlegg B: Forpliktingserklæring, mal
- Vedlegg C: Atterhald og avvik, mal
- Vedlegg D: Skildring av leveransen
- Vedlegg E: Avtalevilkår med prisskjema